



HÅLØYGMINNE

Skriftstyrar: Vidkunn Eidnes

UTGJEVE AV HÅLOGALAND HISTORIELAG

Hefte 4 – 2015

96. årg.

24. bind

Stokkfiskr, bakalao / kabeljau og handelsordvandring

Av Eldar Heide

Takk vere dei katolske fastereglane har tørrfiskeksport vore ei gullgruve for Noreg og den norske Atlanterhavs-kysten heilt frå 1100-talet (t.d. Vollan 1959, Kändler: 121, Wubs-Mrozewicz 2009: 190-92). Dette i seg sjølv og samspelet med hanseatane om utførsla førde til at terminologi knytt til tørrfisk (og andre fiskevarer) spreidde seg hit og dit på måtar det ikkje alltid er lett å få oversikt over. I vestgermansk (tysk, nederlandsk, frisisk, engelsk) og italiensk (*stoccafisso*) er det ordet «stokkfisk» som har slått igjennom som allment ord for 'tørrfisk'. Ordet finst i norsk òg. Det vanlegaste synet er at ordet stammar frå mellomlågtyisk, og det blir allment forklart med at fisken blir (og vart) tørka på stokkar.¹ Dette er problematisk, for ein henger ikkje fisk til tørk på stokkar, altså tjukke bjelkar (som ville vore tunge, dyre og vanskelege å få fisken til å henge på), men på nokså granne stenger kalla *rær*, eintal *rå* f., eller *råved* m.

At det var det ein kalla fisketørkestenger i Norden også i gammal tid, går fram av norrønt **ráskerðr* m. / **ráskerðingr* m. 'tørrfisk som før tørking er kløyvd, slik at halvdelane berre heng saman ved sporden', og verbet **ráskerða* 'kløyve fisk på denne måten, til opphenging over tørkestong'. Å **ráskerða* er eigentleg å 'ustyre med kløft (*skarð*) til (oppheging over) ei *rå*'. Då er kløfta det som oppstår når ein kløyver fisken til han berre heng saman ved sporden. I dette ligg at den stonga ein hengde den kløyvde fisken over vart kalla *rå*, ikkje *stokkr*. Det skulle vi vente også fordi seglterminologien viser at *rå* er eit utgammalt ord for 'vassrett stong til å henge ting frå i vêr og vind' – det er nettopp det råa til eit rå-segl er (ordet er heimla både i eddadikting og tidleg skaldedikting, Finnur

Jónsson 1913-16: 476, og vi kan rekne med at det var dette ordet ein brukte heilt frå ein begynte å segle i Norden, truleg på 600-talet).

Samtidig veit vi at hankjønnsorda **ráskerðr* og **ráskerðingr* og verbet **ráskerða* fanst i det norrøne fellesspråket i høgmellomalderen. Desse orda er heimla i norsk tidleg på 1400-talet (Falk og Torp 1903-06: 671, Hødnebo 1972: 282 – berre substantiva), og dei moderne dialektformene i Namdalen og på Helgeland har tjukk *l* av *rð* i desse orda (Aasen 1873: 588, Ross 1971 [1895]: 592, Falk og Torp 1903-06: 671);² det føreset at orda fanst før assimileringa av *rð* i sein gammalnorsk eller mellomnorsk tid (jf. Heide 2010: 37-38). Det ser vi òg av at *ráskerðingur* og *ráskerða* har *rð* i nyislandsk (Sigfús Blöndal 1920: 637). I mellomlågtyisk, der **ráskerðr* / **ráskerðingr* gjekk inn som lånnord (*rō[t]scher, -scherink*),³ er *rōscher* heimla så tidleg som i 1334 (Schiller og Lübben 1875-81 3: 514), altså godt innanfor den gammalnorske språkperioden. *I*-omlyden (*-skerð-*, jf. *skarð*), kan tyde på at ordet var gammalt også i norrønt, noko som ville vera naturleg i og med at behovet for råskjerding⁴ har funnest til alle tider – råskjerder ein ikkje den største fisken, surnar han, særleg sommarstid.

Men om ein kalla fisketørkestenger for *rær* på norrønt, så kan ein jo ha kalla dei «stokkar» på (låg)tyisk, og det norrøne *stokkfiskr* kan vera lånt derifrå. Dei fleste meiner det er der ordet skriv seg frå (t.d. Ordbog over det danske sprog 1918-56 22 [1944]: 65, Hellquist 1948: 874). Men så vidt eg kan sjå, har ingen framført klåre argument for at ordet har vandra den vegen. Falk og Torp (1903-06: 839) meiner lågtyisk har ordet frå norrønt, og det ser ut til å vera heimla tidlegare her, nemleg i 1338, mot 1377 i lågtyisk (Diplomatarium Norvegicum 1847-1995 8: 128 / Schiller og Lübben 1875-81 4: 410). At vi finn *stokkfiskr* i engelske toll-lister «noen ganger ... etter 1320» (*stocfich, stocfic*), kan eg heller ikkje sjå som teikn på lågtyisk opphav. For Sørleie er det opplagt at ordet der er gammalnorsk, som svært mange andre nemne for varer frå norske skip i dei engelske toll-listene (Sørleie 1950: 29).

At **ráskerðr* / **ráskerðingr* er lånt frå norrønt til lågtyisk, kan ein sjå som ein peikepinn om at *stokkfiskr* òg har gått den vegen. Rett nok er det ikkje noko nødvendig samband mellom desse to nemningane, men ein kan kalle dei par-nemningar, for dei representerer dei to typene av tørrfisk. Fisk kan hengast rund, ukløyvd (då er han bunta saman i sporden med ein annan fisk, slik at dei to er motvekt for kvarandre over raa), eller råskjert, altså kløyvd (slik at dei to fiskehalvdelen er motvekt for kvarandre). Det enklaste er å henge fisken rund, men storfisk må råskjerdast om han ikkje skal surne.

Om det ikkje er klåre grunnar til å oppfatte *stokkfiskr* som opphavleg lågtyisk, så bør vi prøve å forklare det ut frå heimleg bakgrunn. Det som då slår i augo, er at *stokkfisk* på norsk tradisjonelt ikkje er 'tørrfisk allment'

(slik det blir hevda i *Norsk Ordbok* 10 2012: 1364). *Stokkfisk* «brukes i nåv[ærende] norsk om tørket rundfisk i motsetning til råskjerder».⁵ *Stokkfisk* er ei eldre nemning på det som no til vanleg blir kalla *rundfisk* (fotnote 5). *Rundfisk* kunne det ikkje heite på norrønt, for då var adjektivet *rund* endå ikkje lånt frå lågtyisk. Men nemninga *rundfisk* viser at det karakteriserande ved dette tørrfiskslaget er at han er rund = ukløyvd. Det opnar for å oppfatte stokkfisk på same måten: Ein *stokkfisk* er rund som ein stokk. Jamfør adjektiv som *stokkrund* «fylldig, vel avrundet», *stokklagd* «rund, fylldig», *stokkvaksen* «rundvoxen» (Aasen 1873: 754-55) og *kavlerund* «rund som ein kavle eller sylinder» (Grunnmanuskriptet til *Norsk ordbok*, <http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi>).

Oppfattar vi *stokkfiskr* slik, fell ordet på plass i par-samhøve med **ráskerðr*, og dei to i lag uttrykker det mest karakteriserande med dei to tørrfiskslaga. I tillegg blir det enklare å forklare det internasjonale handelsordet *kabeljau* / *kabliau* / *kabeljo* / *Kabeljau* / *kabeljauw* / *cabillaud* '(stor / tørka) torsk' (norsk / dansk / svensk / tysk / nederlandsk / fransk), *bacalháo* / *bacalao* / *bachalao* / *bacallá* / *bacaiiau* (portugisisk / spansk / italiensk / katalansk / provençalsk. Schyler 1902: 55-56) – jf. matretten *bakalao*, som vi har frå portugisarane, og som er laga av tørka torsk (som rett nok òg er salta, altså klippfisk). Det er semje om at alle desse formene har same utgangspunkt og at *kab-* / *bak-*vekslinga er metatese (t.d. ibid, Kluge og Seebold 2002: 457. *Metatese* er «snakkvendentbaking»), men det finst ikkje nokon allment godteken etymologi. Falk og Torp føreslo at utgangspunktet er latin *baculum* / *baculus* «Stab, Stock» (*Mittelateinisches Wörterbuch* 1967- I: 1309) og sa at ordet dermed «svarer ganske til vort stokfisk» (Falk og Torp 1903-06: 343). Kluge og Seebold nemner dette som den rimelegaste etymologien, men konkluderer med at han er svært usikker, pga. mange uklåre punkt (Kluge og Seebold 2002: 457). Eitt av dei uklåre punkta er venteleg at det i den tradisjonelle oppfatninga av ordet *stokkfiskr* (som Kluge og Seebold sluttar seg til, ibid: 886) ikkje er sjølve fisken som blir jamført med ein stokk, slik den tenkte koplinga til *baculus* føreset – ein fisk hengd på ein stokk er ikkje sjølv ein stokk. Dette problemet fell meir eller mindre bort dersom *stokkfiskr* tyder 'rundfisk, fisk rund som ein stokk'. At ein faktisk har jamført rund tørrfisk med stokk / stav i gammal tid, ser vi av at «stokkfisk» vart brukt synonymt med 'pryl, slag' (*Ordbog over det danske sprog* 1918-56 22: 66, Lübben 1875-81 1: 410): «ick wil dy mit stockvische (*d. i. Prügeln*) also spysen, dat du bruen vnde blaw schalt werden» (ibid), 'Eg skal utruste deg slik med stokkfisk at du blir både gul og blå'!

Det klårt rimelegaste er etter mitt syn at *stokkfiskr* tyder 'rund (tørr)fisk', medan 'fisk tørka på stokk' er ei folkeetymologisk tolking. «Rundfisk»-forklaringa føreset at ordet er opphavleg norrønt. Dersom det stemmer, er det eit av dei norrøne orda som har fått størst spreiding internasjonalt.

Litteratur:

Aasen, Ivar, 1873: *Norsk Ordbog. Anden forøgede Udgave af Ordbog over det norske Folkesprog*. Christiania: Mallings.

Bye, Dagfinn Olav, 1976: *Froværingsmålet. Ordtilfang fra fiskebåter og fiskebruk, med tillegg om utbreiing av ordtilfanget i ulike aldersgrupper og geografisk utbreiing i landsmålestokk*. Hovedoppgave i nordisk, Universitetet i Bergen.

Diplomatarium Norvegicum, 1847-1995. 22 band. Utgåve Christian Christoph Andreas Lange, Carl Richard Unger, Henrik Jørgen Huitfeldt-Kaas, Gustav Storm, Alexander Bugge, Christoffer Brinchmann, Oluf Kolsrud, Hallvard Magerøy og Ferdinand Linthoe Næshagen. Christiania / Oslo: Mallings / Norsk historisk Kjeldekrift-Institutt.

Falk, Hjalmar og Alf Torp, 1903-06: *Etymologisk ordbog over det norske og det danske sprog*. 2 band med løpende paginering. Kristiania: Aschehoug.

Finnur Jónsson, 1913-16: *Lexicon poeticum*. Forfattet af Sveinbjörn Egilsson. Forøget og påny udgivet for Det kongelige Nordiske Oldskriftselskab ved Finnur Jónsson. København: S. L. Møllers Bogtrykkeri.

Heide, Eldar, 2010: «Tjukk l – Retroflektert tydeleggjering av kort kvantitet. Om kvalitetskløyvinga av det gamle kvantitetssystemet». *Maal og Minne*. 3-44.

Hellquist, Elof, 1948: *Svensk etymologisk ordbok*. To band med løpende paginering. Fyrste utgåva 1922. Lund: Gleerup.

Hødnebo, Finn, 1972: *Ordbog over Det gamle norske Sprog* IV. Rettelser og tillegg til J. Fritzner 1883-96: Ordbog over det gamle norske Sprog I-III. Oslo: Universitetsforlaget.

Kluge, Friedrich og Elmar Seebold, 2002: *Etymologisches Wörterbuch der deutschen Sprache*. 24., durchgesehene und erweiterte Auflage. Bearbeitet von Elmar Seebold. Berlin / New York: De Gruyter.

Krekling, Sigurd, 1950: *Fiskarsoga frå Nord-Trøndelag*. Namsos: Nord-Trøndelag fiskarlag.

Kändler, R., "Dorsch". *Reallexikon der germanischen Altertumskunde* 6. 1986. 119-23.

Mittelateinisches Wörterbuch bis zum ausgehenden 13. Jahrhundert, 1967-. In Gemeinschaft mit den Akademien der Wissenschaften zu Göttingen, Heidelberg, Leipzig, Mainz, Wien und der Schweizerischen Geisteswissenschaftlichen Gesellschaft herausgegeben von der Bayerischen Akademie der Wissenschaften und der Deutschen Akademie der Wissenschaften zu Berlin. München: Beck.

Norsk Ordbok 9, 2011. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Oslo: Det Norske Samlaget.

Norsk Ordbok 10, 2012. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Oslo: Det Norske Samlaget.

Ordbog over det danske sprog, 1918-56. 28 band. Udgivet af det Danske Sprog- og Litteraturselskab. København: Gyldendal.

Ross, Hans, 1971 [1895]: *Norsk Ordbog*. Tillæg til "Norsk Ordbog" af Ivar Aasen. Nyprint av 1895-utgåva, Christiania: Cammermeyer, som hadde med tillegg I og II; II basert på "Optegnelser" av Sophus Bugge. Tillegg III-VI kom i 1902, 1910, 1912 og 1913, og dei er med i 1971-utgåva. Oslo: Universitetsforlaget.

Schiller, Karl og August Lübben, 1875-81: *Mittelniederdeutsches Wörterbuch*. 6 band. Bremen.

Schlyer, Montgomery, 1902: "The Etymology of the Dutch Word "Kabeljauw"". *The Journal of Germanic Philology* 4. 55-57.

Sigfús Blöndal, 1920: *Íslandsk-dansk Ordbog. Íslensk-dönsk orðabók*. Reykjavík: I kommission hos Verslun Þórarins B. Þorlákssonar.

Sørli, Mikkjel, 1950: «Norske språkminner i engelske tollregnskaper fra 1300-årene». *Universitetet i Bergen. Årbok* 1948. Historisk-antikvarisk rekke 3. 1-38.

Vollan, Odd, 1959: «Fisketilvirkning.» *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder*. 4. Oslo: Gyldendal. 343-44.

Wubs-Mrozewicz, Justyna, 2009: «Fish, Stock and Barrel. Changes in the Stockfish Trade in Northern Europe, c. 1360-1560.» I Louis Sicking og Darlene Abreu-Ferreira (red.): *Beyond the Catch: Fisheries of the North Atlantic, the North Sea and the Baltic, 900-1850*. The Northern world 41. Leiden: Brill.

Noter:

1. T.d. Falk og Torp 1903-06: 839, Ordbog over det danske sprog 1918-56 22 (1944): 65, Hellquist 1948: 874, Sørli 1950: 29, Norsk Ordbok 10 2012: 1363, Kluge og Seebold 2002: 886.

2. Verbet *ráskerða finst altså framleis (sjå Norsk Ordbok 9 2011: 732 eller internett), men blir gjerne oppfatta som samansett med infinitiven (norrønt) skera (t.d. Aasen 1873: 588). Det er naturleg, sidan skerða og skera har falle saman i dei måla der rø er vorte r (slik at det verbet som kjem av skerða har fått same uttale som det som kjem av skera). Men den svake fortidsbøyinga verbet *ráskerða gjerne har i genuin dialekt (t.d. Æ ráskjærte [med kort å] den stør[r]ste førr æ hængte han, på Grytøya i Sør-Troms, som eg kjenner godt), der (norrønt) skera allment har sterk fortidsform, viser at det er *ráskerða vi har for oss (jf. svak bøying av ráskerða på islandsk òg, Sigfús Blöndal 1920: 637, og at dét er regelen frå gammalt av i i-omlydde verb).

3. I lågtysk vart rá- omtolka til / assosiert med adjektivet röt 'raud', og så vart ordet lånt attende til nordisk. Det er bakgrunnen for former som rotskjær og rødskjær i dansk og norsk (Falk og Torp 1903-06: 671).

4. Desse orda blir normerte med berre r (ikkje rd) i dag (Norsk Ordbok 9 2011: 732), men eg har behov for å få fram om eg meiner det som kjem av norrønt -sker- eller -skerð- (jf. fotnote 2).

5. Sørli 1950: 29, jf. Vollan 1959, Bye 1976: 176, Krekling 1950: 59 + fleire døme i Setelarkivet til Norsk ordbok, <http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?tabid=436&appid=8>.

Eldar Heide er fyrsteamanuensis i norsk ved Høgskolen i Bergen / i norrøn filologi ved Universitetet i Bergen.

E-post: eldahei@online.no

Nettside: <http://eldar-heide.net/>

Eldar Heide
Kunngjort 120
5285 Nestun

B



Returadresse: Skjærvegen 30, 9404 Harstad

Håløygminne

Harstad

er einaste lokalhistoriske tidsskriftet for heile Nord-Noreg. Skriftet kjem ut med 4 hefte om året. Det har stoff om nordnorsk historie, om folkeminne og tradisjon m.m. I blant har «Håløygminne» gitt ut særskilde tilleggsbøker som tingarane har fått utan ekstra kostnad.

Årspengane er kr 200,- (frå 01/01-2014). Alle bibliotek kan tinge skriftet gjennom Norsk Bibliotekforenings Tidsskriftformidling til noko redusert pris.

Tidsskriftet blir sendt inntil mottakaren seier opp abonnementet.

Vidkun Eidnes har ansvaret for skriftet.

Adresse for Håløygminne: Skjærve 30, 9404 Harstad

E-post: v.eidnes@frisurf.no - Bankgiro 4760.05.11404.

Org.nr.: 996 629 570 - Håløygminne på internett: www.hminne.no

Ekspedisjonen har framleis dei fleste av hefta etter 1963 for sal, likeeins register for tida 1920-44 og 1945-2004 og ein del særprent.

Ved å vende seg til ekspedisjonen kan ein få opplysning om prisane m.m.

Inntil vidare sel vi eldre årgangar til «gje-bort-pris»!

Innhald i dette heftet:

Eldar Heide:	Stokkfisk, bakalao / kabeljau og handelsordvandring.....	s. 341
Finn Myrvang:	Lagmannen i norsk namnelandskap.....	s. 346
Finn Myrvang:	Bygde- og kommunenamnet Hamarøy	s. 354
Finn Myrvang:	Kveøya – men Kvæfjorden?	s. 357
Finn Myrvang:	Kryptert barnespråk?.....	s. 360
Finn Myrvang:	Øynamnet Silda – litt til	s. 361
Unni Jakobsen:	Finnes	s. 363
Red.:	Tingarverving, årspengar 2016	s. 364

